



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 27.01.2021
Vår ref: 2021/277

Dykkar dato: 05.01.2021
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 146/6 - Fosse Ytre - kaianlegg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.01.2021. Saka gjeld søknad om ny kai og privat VA-anlegg knytt til eksisterande garveri på Ytre Fosse. Søknaden omfattar også dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8 for byggeforbodet i 100-meter beltet mot sjø. Planlagde tiltak er i samband med pågående oppgradering av eksisterande garveri på eigedommen.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Den omsøkte kaien er på 79,8 m² og ligg i indre farlei. Kaien skal i hovudsak byggast i tre, men med pålar i betong mot sjøbotn. Kaien skal etablerast langs heile byggets vestre fasade, og er tenkt anlagt mot eksisterande steinkai i sør-vest. Det er opplyst at bortsett frå punktvise spor av betongsøylene på sjøbotn, vil den nye kaien enkelt kunne fjernast. Tiltaket er grunngjeve med enklare tilkomst til bygget og enklare vedlikehald. Bygget har verdi som kulturminne og det er positivt at det vert vedlikehalde. Det kjem ikkje klart fram kva bruk bygget skal ha når det er ferdig restaurert, noko som er viktig for å vurdere bruken av kaien, og kva grad av privatisering og presedens ein kan forvente av tiltaket.

Om kommunen vurderer å gje dispensasjon er det viktig å vurdere verknad for landskap, auka privatisering av området og faren for presedens. Naturmangfold skal også vurderast i alle saker jf. naturmangfaldslova §§ 7-12.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN